



Arkivnr: 2014/19439-102

Saksbehandlar: Arne Åsan

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		07.09.2016
Fylkesutvalet		21.09.2016

### Organisering av framtidig tannhelsetilbod i Etne kommune (Hordaland) og Vindafjord kommune (Rogaland)

#### Samandrag

Fylkestinget vedtok i møte 8. mars 2016 «Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030». I vedtaket pkt 4 a står det «Fylkestannlegane i Hordaland og Rogaland samarbeider med ei samordning av tannhelsetilboden i området Etne kommune/Vindafjord kommune (Rogaland). Dette vil bli fremma som ei eige sak i løpet av 2016».

Fylkestannlegen i Rogaland har tilbod om eigna areal for bygging av ny tannklinik i Ølen. Klinikken vil få 6 behandlingsrom, og vil ha kapasitet til å gje eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientar i Etne kommune og i Vindafjord kommune.

#### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune samarbeider om å etablere ein ny tannklinik i Ølen. Tannklinikken skal ha kapasitet til å gje eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientar i Etne kommune og i Vindafjord kommune.
2. Etne tannklinik og Skånevik tannklinik vert nedlagde når den nye tannklinikken er klar til å tas i bruk.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå nødvendige leige- og driftsavtalar i samarbeid med Rogaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Arne Åsan  
fylkestannlege

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

## **Fylkesrådmannen, 30.06.2016**

Fylkestinget vedtok i møte 8. mars 2016 «Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030». I vedtaket pkt 4 a står det «Fylkestannlegane i Hordaland og Rogaland samarbeider med ei samordning av tannhelsetilbodet i området Etne kommune/Vindafjord kommune (Rogaland). Dette vil bli fremma som ei eige sak i løpet av 2016».

### **Tannhelsetilbodet i Etne kommune:**

Tannhelsetilbodet til prioriterte pasientgrupper i Etne kommune blir gitt på to tannklinikkar – Etne tannklinik og Skånevik tannklinik.

På Etne tannklinik arbeider ein tannlege (100%-stilling), ein tannpleiar (80%-stilling) og ein tannhelsesekretær (100%-stilling). Klinikken har to behandlingsrom. Tannhelsepersonellet ambulerer til Skånevik tannklinik ein dag kvar 14 dag for å gje eit tilbod til dei prioriterte pasientgruppene som er busett i Skånevik. Skånevik tannklinik har 2 behandlingsrom som er fullt utrusta. På Skånevik tannklinik brukast utstyrt 2 dagar pr månad.

Totalt tal pasientar i dei prioriterte gruppene i Etne kommune er 1300. Fordelinga mellom dei to tannklinikkane er Etne tannklinik = 1010 pasientar og Skånevik tannklinik = 290 pasientar.

### **Tannhelsetilbodet i Vindafjord kommune:**

Det er tannhelsetenesta i Rogaland som har ansvaret for tannhelsetilbodet i Vindafjord kommune. Tilbodet er organisert med ein tannklinik i Ølen og ein tannklinik i Sandeid. I den vedtekne klinikkstrukturplanen for Rogaland skal Ølen tannklinik og Sandeid tannklinik samlokalisera i ein ny tannklinik i Ølen.

### **Framtidig tannhelsetilbod for både Etne kommune (Hordaland) og Vindafjord kommune (Rogaland):**

Fylkestannlegen i Rogaland har tilbod om å leiga eit eigna areal til ny tannklinik i Ølen. Arealet er stort nok til å kunna bygga ein ny funksjonell tannklinik med 6 behandlingsrom. Den nye tannklinikken vil då ha kapasitet til å gje eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientar i dei to kommunane.

Ein tannklinik med seks behandlingsrom vil gje eit større og mykje betre fagmiljø enn det dei eksisterande 4 småklinikkane gir. Eit større fagmiljø gjer og at det er lettare å rekruttera og stabilisera tannhelsepersonell.

Tannpleiar vil framleis besøka sjukeheimen i Skånevik for å vurdera kven som treng time hos tannlege. Pasientar busett i Skånevik kan og – om dei ønskjer – få sitt tannhelsetilbod på Husnes tannklinik eller på Stord tannklinik.

#### **Reiseavstandar:**

Etne – Ølen	12 km
Skånevik – Ølen	38 km